

# Styresak

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 06.12.2017  
Sakshandsamar: Sjur Olav Sandal  
Saka gjeld: **Investeringsbudsjett 2018 – Helse Førde HF**

**Arkivsak**  
2017/4266

**Styresak 095/2017**

**Styremøte 15.12.2017**

## Framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2018:

<b>Investeringsbudsjett 2018 (tal i tusen kroner)</b>	
Ny MR Lærdal	8 900
Byggteknisk infrastruktur	6 700
Pasientens helseteneste, ombyggingar FSS	2 900
Brannsikring HF	1 000
Bygg aust	14 000
Nye Førde sjukehus	64 300
<b>Sum</b>	<b>97 800</b>
Medisinteknisk utstyr (MTU)	21 200
IKT	1 700
Ambulansar	6 700
<b>Sum MTU og andre investeringar</b>	<b>29 600</b>
<b>Sum investeringar</b>	<b>127 400</b>

2. Styret ber administrerande direktør søkje Helse Vest RHF om lån på inntil 35 millionar, for å dekke gapet mellom behov for investeringar i 2018 og finansiering frå drift.
3. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere mindre tilpassingar innanfor ramma i investeringsbudsjettet. Styret ønskjer med det å sikre rasjonell framdrift av prosjekta og rasjonell drift av Helse Førde. Administrerande direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplanen.
4. Styret ber administrerande direktør leggje fram 5-årig investeringsplan til styremøtet i juni 2018.

## Oppsummering investeringsbudsjett

Administrasjonen har lagt vedteke langtidsbudsjett til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2018. Føreslege investeringsbudsjett for 2017 er på 127,4 millionar, medan langtidsbudsjettet vedteke i juni la opp til å bruke 181,6 millionar i 2018. Reduksjon på 54,2 millionar skuldast at den fysiske utbygginga ved FSS, utover mindre pilotar, først kjem i gong i 2019.

Hovudsatsinga i 2018 vert nytt Førde sjukehus (NFS) og finansiering av ny MR i Lærdal. I tillegg er det lagt opp til ombyggingar ved sentralsjukehuset, tilrådd av prosjektet «Pasientens helseteneste», som skal legge til rette for framtidsetta og rasjonell drift av sjukehuset. Utover investeringar til bygg er det i investeringsbudsjettet sett av midlar til medisinteknisk utstyr, IKT-infrastruktur og til nye ambulansar. Investeringsbudsjettet for 2018 er krevjande.

Budsjettramma må innrettast slik at vi har høve til å handsame eventuelle havari gjennom året. Tidlegare har avdelingane sjølv vurdert korleis investeringsprosjekta skal gjennomførast gjennom året. Administrerande direktør vil i 2018 vere meir aktiv når det gjeld å frigje investeringsmidlar gjennom året. Dette for å sikre at det finst midlar til å handsame eventuelle havari.

Ettersom deler av finansieringsevna er lånt, må kvart prosjekt vurderast nøye med tanke på om vi kan gjennomføre det.

## Finansiering

Kontantstraum frå drifta gjev følgjande investeringsramme for 2018:

<b>Kontantstrøm til å dekke investeringar:</b>	
<b>Beløp i heile tusen kroner</b>	<b>2018</b>
Resultat til styrking av finansieringsgrunlaget	28 000
+ Avskrivning	76 000
<b>= Kontantstrøm fra driften</b>	<b>104 000</b>
- Avdrag lån	-11 369
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-12 648
+ Salg driftsmidler	
+/- Likviditet overført frå førre år	-32 554
+/- Likviditet overført til neste år	0
<b>= Kontantsrøm etter finans og justeringar førre år</b>	<b>47 429</b>
+ Opptak av nye lån Nye Førde Sjukehus	45 010
+ Avtale om mulig opptak av lån frå Helse Vest	35 000
<b>Finansieringsgrunnlag investeringar</b>	<b>127 439</b>

Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT kjem som følgje av Helse Førde sin del av vedtekne prosjekt. Kontantstraumen syner at Helse Førde må få godkjenning av Helse Vest for å få lånemogelegheit på opptil 35 millionar kroner.

## Disponering

Med bakgrunn i disponibel investeringsramme for 2018 vil administrerande direktør gjere følgjande prioriteringar:

<b>Investeringsbudsjett 2018 (tal i tusen kroner)</b>	
Ny MR Lærdal	8 900
Byggteknisk infrastruktur	6 700
Pasientens helseteneste, ombyggingar FSS	2 900
Brannsikring HF	1 000
Bygg aust	14 000
Nye Førde sjukehus	64 300
<b>Sum</b>	<b>97 800</b>
Medisinteknisk utstyr (MTU)	21 200
IKT	1 700
Ambulansar	6 700
<b>Sum MTU og andre investeringar</b>	<b>29 600</b>
<b>Sum investeringar</b>	<b>127 400</b>

## Bygg og teknisk drift

### Bygg aust

Bygget er teke i bruk av leigetakar, SYS IKL, hausten 2017. Resterande areal skal for det meste brukast som rokkeringsareal, medan NFS vert gjennomført. Ramma til bygg aust er føreslege auka for å dekke inn kostnader som ikkje har vore budsjettert tidligare år.

Ein leverandør har sendt krav utover kontrakt som vi og vår rådgjever meiner er urette. Dersom han likevel får medhald i krava i ei eventuell rettssak, vil desse krava medføre store tilleggskostnader. I samråd med våre rådgjevarar har vi i november tilbydd eit endeleg sluttoppgjør til denne leverandøren.

### Nye Førde sjukehus (NFS)

Vi tok til med forprosjekt NFS, den 1. januar 2017, frå 1. juli 2018 er det planlagt at vi går over i fase for detaljplanlegging. Utover prosjektering og detaljplanlegging er det i budsjettet på 64,3 millionar lagt opp til nokre få byggjeprojekt (pilotar). Føremålet er å prøve ut om løysingane vi ser føre oss i forprosjektet er tenlege, både under rehabilitering og som funksjonelle lokale i ordinær driftssituasjon.

Prosjektorganisasjonen vil jobbe fram ein detaljert framdriftsplan for delprosjekta i NFS slik at vi har eit godt grunnlag til å lage investeringsplan for perioden 2019-2023. Tidsakse for gjennomføring NFS vil òg verte vurdert opp mot risiko for dei tekniske installasjonane, slik at nødvendige tiltak kan setjast i verk i tide.

### Byggteknisk infrastruktur og brannsikring

Som ein del av vilkåra for søknad til å gjennomføre prosjektet «Nye Førde sjukehus» har vi forplikta oss til å hente inn vedlikehaldsetterslep som vi har på bygningsmassen.

Det er i investeringsbudsjett for 2018 sett av 6,7 millionar til byggtekniske tiltak. Av dette er 4,3 millionar sett av til buffer som skal brukast dersom det oppstår behov gjennom året, til dømes ved havari. Innanfor ramma vil det verte prioritert å erstatte den eine heisen i Lærdal. Vi har fått dispensasjon frå Norsk Heiskontroll til å drifte den aktuelle heisen fram til andre kvartal 2018.

Resterande ramme vil verte nytta til vidare utbygging av sentral driftskontroll (SD-anlegg) og brannsikringstiltak. HFD har eit energispareprogram knytt til Enova som krev at vi forpliktar oss til å spare 3,3 prosent årleg energikostnad, i ein treårsperiode (2017-2019). Vi ser alt no gode resultat av satsinga. Tiltaka støttar òg opp under målsetjinga til HFD om å jobbe for ein grøn profil, etter ISO 14001 standarden «Grønt sjukehus».

Ny ambulansestasjon i Sogndal og nye kontorlokale ved Nordfjord psykiatrisenter er finansiert med budsjettmidlar sett av i 2017, og ved at ein har gjort omprioritering av enkelte mindre prosjekt i 2017. Begge prosjekta er planlagt ferdigstilte hausten 2018.

### **Ombyggingar knytt til prosjekt pasientens helseteneste.**

Det er sett av 2,9 millionar til å gjennomføre ulike ombyggingar ved FSS, tilrådd av prosjektet «Pasientens helseteneste». Ombyggingane vil leggje til rette for framtidretta og rasjonell drift ved sjukehuset. Vi vil gjennomføre ei kost-nytte vurdering før ombyggingane vert sett i bestilling.

### **Arealplan Lærdal - MR Lærdal**

Ny MR ved Lærdal sjukehus er eit tiltak som er kome inn fordi det er samla inn midlar lokalt i sogne-regionen for kjøp av MR-maskin. Totalt er det samla inn 10,05 millionar. MR-maskina har ein kostnad på 11,85 millionar. Prosjektet totalt med innsamla midlar, bygningsmessige tiltak og restfinansiering av MR-maskina er på 18,90 millionar.

Det er i budsjettet for 2018 sett av 1,8 millionar til restfinansiering av sjølve MR-maskina og 7,1 millionar til nybygg, bygningsmessige tilpassingar og tekniske installasjonar. Totalt 8,9 millionar. Med desse midlane er ny MR-maskin i Lærdal fullfinansiert.

### **Medisinteknisk utstyr (MTU)**

Det er gjennomført ei hard prioritering innanfor ramme i 2018. Prioriteringane for 2018 er gjort i samråd med leiinga i medisinsk og kirurgisk klinikk. Noko av utstyret som er prioritert har «end of life»-status, fordi leverandør ikkje kan garantere leveranse av reservedeler.

Det er mellom anna sett av midlar til flåteutskifting av EKG-apparat slik at vi kan lagre EKG-kurver elektronisk. Dette vil gje innsparingar i drifta fordi vi i dag skannar kurver manuelt. Det er behov for å skifte ut analysemaskiner samt delar av ultralydparken, det blir utarbeidd rammeavtalar knytt til kjøp av ultralydmaskiner.

### **Ambulansar**

Ambulansetenesta har 29 bilar i operativ teneste, samt til ei kvar tid 5 operative driftsreservar fordelt over fylket. Aktiviteten på stasjonane for 2017 har vore stabil. Samla er det likevel ein liten nedgang fordi Gulen ambulansestasjon vart verksemdsoverført til Helse Bergen i 2016.

Ambulansetenesta legg til grunn eit behov på 6,7 millionar, tilrådinga er basert på alder og slitasje på materiellet, samt intensjonane om ein føreseieleg utskiftingsplan. Tilrådinga er lågare enn årleg behov, men det er planlagt auke i ramma for 2019. Då vil ny nasjonal rammeavtale for ambulanseskøyretøy vere gjeldande, med truleg betre tilpassa bilmodellar for ambulansedrift i Sogn og Fjordane.

### **Prioritering IKT**

Den totale ramma for IKT-porteføljen i Helse Vest for 2018 er 398 millionar. Det ligg då ei underdekning i porteføljen på 58 millionar. Denne vil verte finansiert med omlag 70 millionar av Helse Vest RHF. Ved bruk av fordelingsnøkkel er Helse Førde sin del av investeringa som følgjer:

<b>Regionale IKT investeringar (tal i tusen kroner)</b>		
<b>Namn</b>	<b>Helse Vest</b>	<b>Helse Førde</b>
Program HELIKS	86 000	10 469
Program Alle møter	82 000	9 982
Økonomi, innkjøp, logistikk (LIBRA)	100 000	12 174
Andre prosjekt	16 000	1 948
IKT infrastruktur	70 000	8 522
PC-leige	44 000	5 356
<b>Investering regionale prosjekt</b>	<b>398 000</b>	<b>48 451</b>
- Midler frå Helse Vest RHF	70 000	8 522
<b>Sum investeringar 2018</b>		<b>39 930</b>
Investering HF-spesifikke prosjekt	4 450	700
- Avskrivningar frå regionale prosjekt	-145 257	-17 576
- Avskrivningar frå HF-spesifikke prosjekt	-87 946	-10 406
<b>Behov for tilført likviditet Helse Vest IKT</b>	<b>171 247</b>	<b>12 648</b>
<b>Fordelingsnøkkel etter inntektsmodell</b>	<b>100 %</b>	<b>12,1 %</b>

(Likviditetsbelastninga for Helse Førde vert 12,648 millionar)

(Til å finansiere regionale investeringar går det 7,9 million av investeringsramma til Helse Førde)

Dei store programma og prosjekt er:

- Program HELIKS med blant anna innføring av KULE, DMA, DIPS Arena og «Felles radiologi»
- Program «Alle møter» med blant anna «Vel møtt» og «Vestlandspasienten»
- Program LIBRA med sine prosjekt innanfor økonomi, innkjøp og logistikk

#### **IKT-investering lokalt**

<b>Lokale IKT investeringar (tal i tusen kroner)</b>	
IKT infrastruktur	1 500
IKT utstyr	200
<b>Sum investeringar 2018</b>	<b>1 700</b>

Av lokale investeringar er det sett av midlar til:

- Legge kablar til trådløst nett og pasientvarslingsanlegg
- Sikringstiltak for IKT infrastruktur
- Investeringsmidlar til IKT-utstyr som videostudio og utstyr til møterom

**Samla plan for investeringar i perioden 2018 – 2022**

Område	Investeringsområder							Sum 5 år 2018-22
		2017	2018	2019	2020	2021	2022	
<b>Nybygg/ ombygging</b>	Brannsikring HF	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	5,0
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	7,7	6,7	7,1	7,1	14,6	14,6	50,1
	Ombyggingar pasientens helseteneste		2,9					2,9
	Arealplan LSH			11,7	11,7			23,4
	MR Lærdal		8,9					8,9
	Bygg aust	58,0	14,0					14,0
	Nye Førde sjukehus	13,7	64,3	344,2	326,0	110,7	90,6	935,8
	Nye Førde sjukehus - MTU			15,0	15,0	6,0	15,0	51,0
	<b>Sum nybygg/ombyggingar</b>	<b>80,4</b>	<b>97,8</b>	<b>379,0</b>	<b>360,8</b>	<b>132,3</b>	<b>121,2</b>	<b>1 091,1</b>
<b>Medisinsk tekn. utstyr</b>	MTU	23,0	21,2	9,0	9,0	17,0	9,0	65,2
	Sum medisinsk teknisk utstyr	23,0	21,2	9,0	9,0	17,0	9,0	65,2
<b>IKT- investeringar</b>	IKT infrastruktur	1,7	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	6,0
	IKT utstyr		0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	2,5
	Sum IKT-investeringar	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	8,5
<b>Andre investeringar</b>	Ambulansar	8,6	6,7	10,0	10,0	10,0	10,0	46,7
	Sum andre investeringar	8,6	6,7	10,0	10,0	10,0	10,0	46,7
	<b>Sum investeringar</b>	<b>113,7</b>	<b>127,4</b>	<b>399,7</b>	<b>381,5</b>	<b>161,0</b>	<b>141,9</b>	<b>1 211,5</b>
<b>Finansiering</b>								
	Finansiering frå drift	95,7	47,4	94,4	99,7	105,5	111,7	458,7
	Lån Arealplan FSS 70%	18,0	45,0	251,4	238,7	81,7	73,9	690,8
	Investeringslån Helse Vest		35,0	53,9	43,1	-26,2	-43,7	62,1
	<b>Sum finansieringsevne</b>	<b>113,7</b>	<b>127,4</b>	<b>399,7</b>	<b>381,5</b>	<b>161,0</b>	<b>141,9</b>	<b>1 211,5</b>

Administrasjonen har lagt vedteke langtidsbudsjett til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2018. Budsjett for 2018 syner ei ramme på 127,4 millionar.

Prosjekt «Nye Førde sjukehus» er starta i 2017 og vi treng eit kortsiktig lån frå Helse Vest RHF. I åra 2018 til 2020 treng vi midlar utover eiga finansieringsevne, totalt 132 millionar, som vert gitt tilbake i perioden 2021 til 2024. Helse Førde er i positiv dialog med Helse Vest, men Helse Vest må formelt behandle vårt behov kvart år. Styret i Helse Vest har i samband med handsaming av konseptfaserapporten til NFS vedteke ei låneramme på i overkant 120 millionar i byggeperioden.